



Dette er dei av fjelltrimmarane under 15 som var på fjelltrimfesten. Frå venstre står Ruth Solveig Årthun Bergane, Magne Årthun Bergane, Lovise Årthun Bergane, Ingebjørg Haugland, Torbjørn Haugland, Øystein Haugland, Ingar Eik Høivik, Johannes Haugland og Sivert Eik Høivik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I fjor var Uskedalen klart best i Kvinnherad Fjelltrim, med 30 av dei 99 som fullførde kravet. Men då stilte ei heil sjuandeklasse med 15 deltakarar frå vår skule. Det var ikkje tilfelle i år, men likevel vart det flest frå Uskedalen, som hadde 16 foran Rosendals 15 og 11 frå Omvikdalen. 84 har i år tilfredsstilt kravet, som er minst fem turar i fem ulike område..



Denne gruppa har gjennomført fjelltrimmen fem gonger. Frå venstre står Anne Kari Enes, Marit Årthun, Ruth Solveig Årthun Bergane, Lovise Årthun Bergane, Magne Årthun Bergane, Marit Hauge, Jan Helge Opsanger og Kari Sandvik Røssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalinganes store innsats vart understreka på fjelltrimfesten til Kvinnherad Turlag i Helgheim tysdag kveld, der rundt 30 opplevde både premiedryss og eit fint kulturprogram. Samstundes var dette ei markering av at Kvinnherad Turlag er 10 år, ein milepel som blir passert med aukande medlemstal og stor optimisme.



Svein Bergseth er meir enn ein god møteleiar – han er også trubadur. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nestleiar, festleiar og trubadur Svein Bergseth knytte det heile elegant saman med ord og visesong. Frå Etne hadde dei henta Jorunn Grindheim, som har eit stort reservoar av lokale hundrehistoriar på lager og serverte fem av dei med stor innleving.



Kjell Yri las Sande-dikt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vår eigen Kjell Yri las Sande-diktet "Slipesteinen" før fjelltrimmarane vart kalla fram og påskjønna. Det var to grupper av dei – først ei gruppe av sprekingar under 15 år og deretter dei som no har delteke fem år i fjelltrimmen. Den yngste fjelltrimmaren i år er eitt år og var naturleg nok ikkje til stades. Det var derimot den eldste, uskedelingen Johanna Yri på 82!

Elles frå statistikken plukkar vi i denne omgongen med at 24 no har vore med i alle dei seks åra dette trimopplegget har eksistert, at Skålafjell i år har vore det mest populære turmålet med 78 klypp og at det faktisk har vore flest deltakarar i aldersgruppa 60-64 år – med 12.

Og allereie no er det klart for 2009-sesongen, det er berre å endra årstal på fjelltrimkortet!

Av Ola Matti Mathisen



Johanna Yri var - ikkje overraskande - den eldste fjelltrimmaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)